

Kapellet, preste- og samtaletjenesten

Sykehuskapellet ligger i 1. etg. rett ved inngangen til B-blokken. Personalet kan forklare og vise deg vei!

Det vil bli annonsert i denne Søndagshilsen når det er gudstjeneste i kapellet. Gudstjenestene er med nattverd. Dersom du ønsker nattverd på rommet, kan du si fra til personalet som formidler beskjed til presten.

SAMTALER OG SJELESORG

Sykehusprestens viktigste oppgave er å være tilgjengelig for deg og dine pårørende for dialog og samtalestøtte i din aktuelle livssituasjon. Stort eller lite spiller ingen rolle, å være innlagt på sykehus kan av forskjellige årsaker utløse behov for samtale og refleksjon.

Presten har taushetsplikt. Vi formidler også kontakt med prest / samtalepartner fra andre tros- og livssynssamfunn.

På Haraldsplass er vi tre prester som er tilgjengelig alle dager fra 0800 - 1800. Om ønskelig kan pleiepersonalet formidle kontakt, eller du kan ringe prestens vakttelefon som er angitt nedenfor.

SØNDAGSHILSEN PÅ NETT

Søndagshilsen ligger også ute på sykehusets internettsider under «Prestetjenesten».



Haraldsplass
Diakonale sykehus



Vil du ha mer informasjon
eller trenger du å snakke med oss?



Tlf: 922 07 527



www.haraldsplass.no
Søk: Prestetjenesten

Søndagshilsen

24. september 2023
17. søndag i treeiningstida

Tema: Jesus bryr seg



**Det er ikke gudstjeneste i dag.
Kapellet er åpent!**

17. søndag i treeiningstida

Prekmentekst: Johannes 11:17-29

17 Då Jesus kom fram, fekk han vita at Lasarus alt hadde lege fire dagar i grava. 18 Betania ligg ikkje langt frå Jerusalem, berre femten stadiar om lag, 19 og mange jødar var komne til Marta og Maria og ville trøysta dei i sorga over broren. 20 Så snart Marta fekk høyra at Jesus kom, gjekk ho og møtte han, men Maria vart sitjande heime. 21 Marta sa til Jesus: «Herre, hadde du vore her, så hadde ikkje bror min døydd. 22 Men no òg veit eg at alt det du bed Gud om, vil han gje deg.» 23 «Bror din skal stå opp att», seier Jesus. 24 «Eg veit at han skal stå opp att når alle står opp på den siste dagen», svara Marta. 25 Då sa Jesus til henne: «Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leva om han så døyr. 26 Og kvar den som lever og trur på meg, skal i all æve ikkje døy. Trur du det?» 27 «Ja, Herre», seier ho, «eg trur at du er Messias, Guds Son, han som skal koma til verda.» 28 Då ho hadde sagt dette, gjekk ho og kalla i løynd på Maria, syster si, og sa til henne: «Meisteren er her og spør etter deg.» 29 Då Maria hørde det, reiste ho seg straks og gjekk ut til han. Joh 11,17-29



Jesus bryr seg

Vi likar det ikkje, men til det å vere menneske høyrer det å møte sjukdom, død, sorg og smerte. Før eller sidan kjem noko av dette til dei fleste. Og når det skjer så kjem det også mange spørsmål på kjøpet: Kvifor skulle dette ramme meg? Kvifor kom det no? Kva er meininga? Finst det ei meining? Kvifor slepp nokre så lett medan andre får så mykje smerte? Korleis kan Gud, viss han er god og allmektig, tillate så mykje lidning?

Desse spørsmåla, og mange fleire, har menneska kjempa med til alle tider. Bibelteksten for denne søndagen svarar ikkje på alle desse spørsmåla, men den gjev eitt viktig svar.

Gud ser og er nær oss i lidinga. Jesus blir berørt av at Lasarus blir sjuk og døyr. I fortsetjinga av søndagsteksten står det at Jesus vart opprørt i sitt indre i møte med dei sørgjande. Dette seier noko viktig om Guds hjarte for dei som lir. Jesus er ikkje likegyldig og fjern frå di lidning heller. Han bryr seg og er hos deg. Hans svar på lidinga er at han sjølv valde å gå inn ilidinga for vår skuld.

Alle som er sjuke har vel ein draum om å bli friske. Mange blir det ved hjelp av god medisinsk behandling og pleie. Ein gang iblant opplever menneske å bli friske på tross av alle prognoser. Også lækjarar må iblant erkjenne at det skjer ting som er uventaog ein ikkje kan forklare medisinsk. Det er som himmelkreftene bryt igjennom ei lita revne i eit mørkt og tungt skyedekke. Evangelisten Johannes kallar desse hendingane for teikn. Teikn på ei guddommelig verkelegheit. Teikn som ber bod om om at noko større er i vente ein stad lenger framme. Håpets teikn. Bibelteksten denne søndagen har eit slikt håpets teikn. Eg er oppstoda og livet, seier Jesus. Den som trur på meg skal leve om han så døyr.

Uansett kva som skjer kan vi ha Jesus ved vår side.

God søndag!

Helsing sjukehusprest Karl Hjelmeland